

# Rekruttering – bruk av arbeidspsykologisk testverktøy

## Føremål:

Bruk av arbeidspsykologisk testverktøy i samband med rekruttering vil vere med å sikre betre kvalitet på rekrutteringsarbeidet i Hordaland fylkeskommunen. Arbeidspsykologiske testar kan føre til betre struktur på rekrutteringsprosessen. Det gir ei meir objektiv vurdering av kandidatane, kandidatane får lik sjanse å vise kven dei er og det gir ei enkel samanlikning av kandidatane. Samtidig er det eit godt verktøy for å innhente informasjon effektivt.

## Omfang:

Bruk av arbeidspsykologiske testar skal gjennomførast ved rekruttering til alle rektorstillingar, overtannlegestillingar og til alle leiarstillingar i fylkesadministrasjonen. I tillegg kan ein nytte verktøyet ved rekruttering til andre leiar- og rådgjevarstillingar dersom den ansvarlege for rekrutteringa ønskjer dette.

## Gjennomføring:

Det er viktig å gjere gode stillingsanalysar i forkant av ei utlysing for å få best utbytte av arbeidspsykologisk testverktøy.

Det er sertifiserte rådgjevarar ved Personalseksjonen som gjennomfører testinga av aktuelle kandidatar.

Det vil vere mest aktuelt å gjennomføre test på nokre finalekandidatar etter 1. gongs intervju. Testane er internettbaserte, og kandidaten kan gjennomføre desse heime. Tilbakemelding til kandidaten er ein viktig del av prosessen og dette blir normalt gjort ved 2. gongs intervju, der rådgjevar frå Personalseksjonen deltek i intervjuet.

Dei elektroniske testresultata er berre tilgjengelege for sertifisert testpersonell. Kandidaten, rekrutteringsansvarleg og tillitsvald vil bli gjort kjend med resultata i løpet av prosessen.

Elektronisk lagra testresultat blir automatisk sletta etter 1 år. Kandidaten kan sjølv be om at resultata blir sletta tidlegare.

Eventuell papirutskrift av testresultat skal makulerast når rekrutteringsprosessen er avslutta.

Ved Personalseksjonen er desse rådgjevarane sertifiserte for å gjennomføre arbeidspsykologiske testar i samband med rekruttering: Hanne Seljesæter, Karstein Oen og Inger Marken.